Øygard skule

Livskvalitet og trivsel.

a) Kva fungerer godt i dag?

a) Gr 1.

Det offentlege tenestetilbodet fungerer godt i Skjåk.

Gr.2.

Ikkje svart.

Gr 3.

Ikkje svart.

Gr 4:

Det meste fungerer bra!

b) Kva kan gjerast for å betre trivsel gjennom heile livet?

Gr.1.

- Trivselstiltak i grendom.
- Invitere dei nye grannane våre heim.
- Vere inkluderande

Gr 2.

Ikkje svart.

Gr 3.

Ikkje svart.

Gr 4:

Ikkje svart

Helse og omsorg

a) Korleis opplever du tilgangen og kvaliteten til helse og omsorgstenester i dag?

Gr 1:

Tilgangen på helse og omsorgstenester fungerer bra.

Gruppe2:

Heilt fantastisk! God ambulanseteneste, luftambulanse, brann og redning. Og ikkje minst legane!

Gr 3.

- Meget bra for alle behov og alle aldersgrupper.

Gr 4.

- Veldig bra standard på helse og omsorgstenester i Skjåk!

b) Kva må til for at folk kan leve trygge, sjølvstendige og aktive liv så lenge som mogleg?

Gr 1:

- For at folk skal leve trygge liv, er samhandling viktig. Dette gjeld og i beredskapssamanheng.

Gr 2:

- God heimeteneste, fysiske tilbod/ fysioterapi, god tilgang til alarmar.

Gr3:

- At vi bryr oss om kvarandre. Eit varmare samfunn.

Gr 4:

- Prøve å passe på at alle har nokon som bryr seg om ein.

Bustader

a) Kva meiner du om utvalet av bustader i Skjåk for ulike livsfasar og behov?

Gr 1:

- Bokollektiv er aktuelt.

Gr 2:

- Må ha fleire omsorgsbustader
- Bustader for yngre i etablerarfasa.
- Buplikt i sentrum

Gr 3:

- Kontakte alle som har ledige hus, «ikkje fulltids boliger» og høyre om framtidsplanar. Billigare og betre og nytte hus som allereie er bygd og restaurere desse. Kanskje med ei tilskotsordning?

Gr 4:

- Manglar mindre hus og leiligheiter. Lettstelte hus for eldre er det lite av.

b) Korleis kan bustadområde, sentrum og offentlege møteplassar bli meir tilgjengelege og triveleg for alle?

Gr1:

- Lage engasjement(arrangement) som fangar felles interesser. Tema her eit stikkord.

Gr 2:

- «Bussrute» som kan frakte folk utan førarkort til møteplassar.
- Mest om å gjere at folk vil bidra til trivsel rundt seg.

Gr3:

- Det viktigaste er at vi bryr oss om kvarandre og inviterer folk med på ting. Det er ikkje møteplassen som er det viktigaste, men at folk er saman med nokon og får prata og laga gode dagar for kvarandre. Kva med å ta kveldsmaten rundt eit bål. Eit vinglas i ein gapahuk, ein fisketur osv.
- Unngå einsemd. Det er ikkje bra for nokon.

Gr 4:

- Mykje asfalt i Bismo. Få naturlege samlingsplassar ute.

Fellesskap, aktivitetar og frivilligheit

a) Korleis opplever du møteplassane og aktivitetstilboda vi har i Skjåk i dag?

Gr 1:

- Mykje svært bra i Skjåk trekker særleg fram desse:
- Kulturkvelden (i Skjåk) og Skjåk folkebibliotek, svømmehallen, Idrettsanlegget, friviljugsentralen, Øygardskulen, Dagsturhyttene, turlaget.

Gr 2:

- Bra!! Biblioteket er ei perle!!
- Friviljugsentralen er viktig- for unge som eldre.

- Bingo på Moar.
- Bygdekinoen.

Gr 3:

- Bra!!

Gr 4:

- Saknar uformelle møteplassar

b) Kva kan vi saman gjere for å styrke fellesskap og motverke utanforskap?

Gr1:

- Vi ser på eldre i bygda som ein ressurs for dei yngre, og dei som kjem etter dei.

Gr 2:

- Der har vi eit arbeid å gjera. Prate med folk, som ein til dømes møter på butikken. Starte ei samtale, «låne ein sukkerkopp»

- Sjå kvarandre
- Kome på besøk utan å gje beskjed
- Mindre skjermtid!
- Ta imot nye med eit smil og ta ein prat.

Gr3:

- Ta vare på eldsjelene!
- Halde på dugnadsånda,
- Sosiale møteplassar i grendene er positivt, bruke grendehusa meir!
- Viktig å stille opp og vere med på det som blir arrangert. Ta med nokon på arrangement.
- Friskus aktivitetskalender er knallbra! Den informerer innbyggjarar om kva som ein kan vere med på.
- Viktig at lag og organisasjonar brukar dette hjelpemiddelet!
- Vere flinke til å invitere andre til aktivitetar.

Gr 4:

- Ikkje svart.

Arbeid og kompetanse

a) Kva er viktig for å tiltrekkje, utvikle og behalde arbeidskraft i Skjåk?

Gr 1:

- Gode barnehagar og skule er viktig for barn og unge sine oppvekstvilkår.

Gr 2:

- Den vidaregåande skulen!
- Gode kommunale tenester
- Bustadar/ bustadtomter
- God og trygg infrastuktur
- Gode kulturtilbod!

Gr 3:

- Reklamere for kor godt det er å vekse opp i Skjåk og kva for arbeidsplassar ein finn i bygda.

Gr 4:

- Attraktive lokalsamfunn
- Fritidsmoglegheiter
- Må ha eit mangfald av arbeidsplassar.
- Ledige næringsareal.
- Barnehageplassar.

b) Korleis kan fleire få tilgang til arbeid og nytte kompetansen sin?

Gr 1:

- Viktig å ha eit næringsliv som heile tida er i utvikling. Derfor viktig å ha ein vidaregåande skule i regionen.
- Innafor landbruket er det mange dyktige gardbrukarar som hjelper og samarbeider md kvarandre.

Gr 2:

- Aktiv bruk av næringsfondet
- Aktivteneste/ samarbeid NAV og næringslivet.

Gr 3:

At folk er ærlige på kva ein kan og ikkje kan og får til og ikkje får til.

Gr4:

- Digital fjernjobbing.
- SMIU er genial!

Skjåk-sjela

a) Kva kulturminne, verdiar, tradisjonar og særpreg ved Skjåk bør vi ta vare på og føre vidare til komande generasjonar?

Gr1:

- Bruken av utmarka og fjell og natur.
- Jakt og fiske
- Mange kulturminne i fjell og utmark.
- Fleire tusen år gamal historie.
-

Gr 2:

- Folkemusikk
- Mykje bra gamalt handtverk!!
- Dialekt
- Mat
- Vatningskulturen
- Inntekter/avtaker frå vassraft
- Sikre bildesamlinga i Skjåk! (Er den på tur til Vågå???)

Gr 3.

- Setring og seterkultur!
- Ta vare på gamle hus og byggeskikk.

Gr 4:

- Ta vare på dei gamle husa som er att i Skjåk!
- Matkultur
- Skjåkviku på skulen, flott tiltak! Hald fram med den!
- Utmarksbeite

Prioriteringar

a) Kva er dei viktigaste sakene kommunen bør prioritere dei neste fire åra?

Gr 1:

1. Beredskapsplan på alle nivå.
2. Helse
3. Sikre eigarskap til utmarka, vassdarg og ha råderett.rekruttering-

Gr 2:

- Arbeidsplassar og næringsareal
- Betre høve for dei yngre til å ta over gardar.
- Oppfordre huseigarar til å leige ut bustadar

Gr 3:

- UNGDOM!!
- Få ned bestand på vilt .(Hjort og elg)
- Få skuleelevar ut for å sjå på arbeidslivet i Skjåk. Halde fram med sommarjobbbrosjektet.

Gr 4:

1) Næringsareal
2) Sentrumsnære hus for halvgamle folk
3) Fortsatt fokus på barn og unge

b) Kva bør kommunen bruke mindre ressursar på?

Gr1: Ikkje svart.

Gr 2:

- Konsulentar
- Betre samhandling av planar
- Vikarar særleg i helsesektoren
- Transporttiltak, kollektivtransport.

Gr 3. ikkje svart

Gr 4: Stabil økonomisk styring over tid slik at ein ikkje plutseleg må ta dramatiska kutt.

c) Dersom du kunne innføre eitt nytt tiltak i Skjåk, kva ville du valt?

Gr 1: Ikkje svart.

Gr2: Transporttiltak, kollektiv transport

Gr 3: Ikkje svart

Gr 4: Meir oppstartshjelp til nye bedrifter.